

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent, etter at merknadsfristen var sett til 5. juni 2011.

Møtedato: torsdag 12. mai 2011

Til stades:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Ludmila Torlakova.

Frå gruppe B: Svenn-Arve Myklebost.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Helene M. Myrdahl, Kjersti Monen Berge og Claudia Förster Hegrenæs.

Forskningsleiar Margareth Hagen deltok på møtet utan røysterett (jf sak 8, rådsmøtet 26.1.2011)

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug var referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 9. mars 2011

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Søknadsfristen til den utlyste stillinga i spanskamerikansk litteratur er forlenga til 1. august.
- B. Ei mellombels stilling (50 prosent) i engelsk fagdidaktikk er under utlysing. Tilsetjingsperioden er frå 1. august 2011 og ut juni 2015. Stillinga er først og fremst knytt til den erfaringsbaserte mastergraden i engelsk (ENGMAU).
- C. Arbeid med ny strategiplan for IF startar opp hausten 2011 når den nye leiargruppa og dei nye fagkoordinatorane er på plass.
- D. Instituttleiar Breivik varsla at systemet for arbeidstidsrekneskap vil bli gjennomgått og revidert hausten 2011, og han streka under at instituttet vil ta seg tid til ein skikkeleg prosess. M.a. vil det vera aktuelt å nullast ut plustida knytt til undervisning og administrasjon frå tida før IF vart danna. Breivik viste òg til den ganske drastiske omlegginga av systemet med arbeidstidsrekneskap ved LLE.
- E. Uthaug delte ut rekneskapsrapport for IF første kvartal 2011. Han varsla samstundes at det vil bli sett av tid til ei meir inngåande orientering om økonomien på første møtet over sommaren, basert på rekneskapen for heile første halvåret av 2011.
- F. Det vil i juni bli sendt inn ein søknad om eit Senter for framifrå forskning (SFF) forankra ved IF. Breivik orienterte om arbeidet med søknaden om eit slikt klimaspråksenter leidd av professor Kjersti Fløttum. IF må øyremerka til saman to stipendiatstillingar over ein tiårsperiode dersom instituttet skulle få eit slikt senter.

Sak 4 – Høyring om forskarutdanninga ved HF

Forskningsleiar Margareth Hagen orienterte om arbeidet med høyringa. Det var ulike oppfatningar om organiseringa av forskarskulane i framtida: Eit framlegg frå Koppen om at forskarskulane framleis skal liggja direkte under fakultetet som i dag, fekk tre røyster, medan tre røysta for at forskarskulane kan overførast til institutta (dvs slik det er skissert i utkastet til høyringsfråsegn som var lagd fram for møtet). Breivik varsla at instituttet vil informera fakultetet om den delte oppfatninga i rådet.

Rådet ved Institutt for framandspråk vedtok det framlagte høyringsutkastet. Fakultetet vert orientert om den delte oppfatninga om kva nivå som skal administrera forskarskulane. Oppslutninga var samrøystes om resten av fråsegna.

Sak 5 – Framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet

Instituttleiar Breivik orienterte om spørsmålet. Kommentarane frå lærarmøtet på arabisk hadde ved ein glipp ikkje kome med i førebuinga av saka. Fråsegna frå lærarmøtet vart derfor ettersend til medlemene av rådet med e-post 11.5.2011. Kevin McCafferty hadde dessutan sendt ut eit supplerande og alternativt vedtaksframlegg til rådsmedlemene (e-post 12.5.2011).

Torlakova streka i samtalen under at påskjøningsmidlar for rettleiing var viktig særleg for små fag, m.a. for å rekruttera medrettleiarar frå andre institutt. Koppen meinte prinsipielt at instituttet ikkje burde ha eit system med incentivmidlar korkje for rettleiing, publisering el.a. Ho støtta i hovudsak modellen som var foreslått av instituttleiinga, men meinte punkt C burde gå ut slik at påskjøningsmidlane òg for phd-rettleiing vart avvikla. Studentrepresentant Hegrenæs streka under at rettleiinga til studentane ikkje måtte bli skadelidande i det systemet som vart valt.

Breivik trekte punkt c i framlegget til vedtak.

Møtet røysta først over framlegget frå McCafferty til endringar i framlegget frå instituttleiinga:

1. Frå og med 2012 vert ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiarar av phd-kandidatar avslutta - midlane vert overførte til fellespotten.
2. IF sine inntekter frå publikasjonar vert i heilskap fordelte mellom forskarane som har produsert teljekantpoenga.

I voteringa røysta to personar for tillegget frå McCafferty, og fire røysta imot. Dermed fall framlegget.

Deretter vedtok møtet det justerte framlegget frå instituttleiinga (der punkt c er fjerna):

Den noverande ordninga med påskjøningsmidlar til master- og phd-rettleiarar bør endrast frå og med 2012. Rådet ved Institutt for framandspråk tilrår følgjande nyordning:

(a) Ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiarar av masterstudentar og phd-stipendiatar vert avslutta frå og med 2012.

(b) Kvart år vert det sett av ein sum tilsvarande påskjøningsmidlane for master- og phd-rettleiinga til to føremål: først driftsmidlar til alle fast vitskapleg tilsette (3000 årleg pr person), deretter vert resten av summen lagd til midlane som vert lyste ut til forskings- og publiseringsstøtte ved instituttet.

Det vart røysta separat over punkt (a) og (b) over. Punkt (a) vart vedteke samrøystes, punkt (b) med seks røyster for og éi imot.

McCafferty, Breivik og Uthaug ser nærare på korleis vedtaket skal praktiserast for eksterne rettleiarar, pensjonistar o.a. og kjem tilbake til instituttrådet om denne saka over sommaren.

Breivik varsla at leiinga vil sjå nærare på retningslinene for tildeling av forskings- og publiseringsstøtte ved instituttet.

Sak 6 – Budsjettinnspel for 2012

Rådet drøfta brevet frå fakultetet om "Budsjettforslag 2012 – innspill fra institutt og sentre" (14.3.2011). Brevet frå instituttet til fakultetet frå 2010 vart delt ut i møtet. Saka vil bli følgd opp av

leiargruppa, og utkast til brev om budsjettframlegget for 2012 vert sendt på sirkulasjon til medlemmane av rådet. Instituttleiarsender over kommentarar og synspunkt frå IF til fakultetet innan 15. juni i år.

Følgjande moment vart nemnt i rådsmøtet:

- Det sterke behovet for fleire stillingar på japansk må leggjast fram for fakultetet.
- Engelsk lingvistikkk treng ei stilling til
- Instituttet kan søkja om ei stipendiatstilling øyremerkt engelsk fagdidaktikk ("utanfor ramma" og dermed òg utanom den faste stipendkvoten til instituttet)
- Koppen spurde korleis instituttet vil prioritera dersom det sluttar ein medarbeidar innanfor britisk litteratur
- Hagen peikte på at instituttet saman med fakultetet bør følgja opp spørsmålet om tidspunktet for utlysing av nye stipendiatstillingar der stipendiatar som er inne i systemet, får utsett sluttdato p.g.a. permisjonar, sjukefråvær o.a.
- Dersom ein større del av forskarutdanninga skal ned på instituttet, bør konsekvensane nemnast i budsjettbrevet til fakultetet
- Uthaug meinte fagdidaktikktilbodet i spansk og fransk anten må reduserast eller tilførast ein større stillingsressurs når Turid Trebbi sluttar

Myklebost spurde om det var planar om ei fornøya satsing for å styrka forskargruppene ved instituttet.

Sak 8 – Ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiarsender

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef